



Prosjektleiar Kristian Bringedal: - Uskedalen Utvikling burde vore nytta langt meir som uttalepart. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Bygdeutvikling handlar i stor grad om positive handlingar, meir enn fokus på alt vi ikkje har og som ikkje fungerer. Det seier Kristian Bringedal, som har vore prosjektleiar for Bygdeutviklingsprosjektet i Uskedalen.

Prosjektet vert avslutta denne våren i si noverande form og årsmøtet i Uskedalen Utvikling tysdag vil drøfta i kva form utviklingsarbeidet skal halda fram.

Bringedal strekar også under tre andre viktige poeng:

- Vi må ta skeia i eigne hendar og spørja oss kva vi har og som er unikt for Uskedalen.
- Vi må få fram det positive og få fram kunnskap om kvifor folk vel å busetja seg i vår bygd.
- Vi må utnytta dei sjansane vi har og finna fram til det som kan gje folk tru på sitt eige og lyst og pågangsmot til å setja i gang.

- Dette krev romslegheit, støtte og trua på at vi er sterke når vi står saman, seier prosjektleiaren.

I 2008 er det uvisst om Uskedalen blir tilført såkalle områdemidlar. Av andre midlar er vi løyvd 20.000 frå Sjøtroll Havbruk som i store trekk skal nyttast til tiltak for og på Skorpo. UU har motteke brev frå grunneigar med ynskje om kva midlane skal nyttast til.

Uskedalen har også motteke tilseg om 50.000 frå næringsavdelinga i fylket for å laga eit forprosjekt på bygda som besøksmål ved Folgefonna Nasjonalpark. Arbeidet er ikkje slutført og det vert søkt om lenging av tilsegn. Fristen er her eigentleg 1. mars.

I sin sluttrapport for Bygdeutviklingsprosjektet sleg Bringedal fast at det har vore godt frammøte til fellesmøta. Særleg stor interesse var det for møtet før valet, der kandidatane kom med lovnader om mange gode tiltak. Dei innvalde frå bygda har seinare vore innkalla til møte med klargjering av saker som det må jobbast vidare med.

Gruppene under prosjektet var ikkje så aktive i fjor som året før. Ein viss slitasje vart registrert og då det ofte er dei same personane som går att i alt frivillig arbeid, er det grenser for kor mykje ein kan forventa å få gjort.

- Unnataket er arbeidet emd nettsida uskedalen.no. Dette er eit framifrå tiltak som har fått merksemd på nasjonalt plan, ja – i inn- og utland, skriv Bringedal.

Han meiner at næringsdrivande, lag og organisasjonar burde ha vore meir aktive i høve til Uskedalen Utvikling. Dette er eit felles forum og UU er ein samlande uttalepart i høve til offentlege saker. Dette burde vore nytta langt meir, held prosjektleiaren fram.

Av Ola Matti Mathisen